



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 03.05.2018

Vår ref.: 2018/10574-2

Saksbehandlar: sigwols

Dykkar ref.:

Att. - Andreas Granli

## Kulturminnafagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg- Taule Indre - gnr. 71 bnr. 1 - Radøy kommune

Me viser til brev datert 23.04.18 i samband med søknad om bygging av landbruksveg som i hovudsak vert etablert i eksisterande køyrespor på gnr. 71 bnr. 1, 2, 3, 4, 5 og 6 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Me har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8. andre ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn , flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.